

Stortingets energi- og miljøkomité
Karl Johans gt. 22
0026 OSLO

Vår ref.:
17/06-JON

Dykkar ref.:

Dato:
22.11.06

Dok. 8: 04 (2006-07) om å delegere konsesjonsmyndigheiten for mikro- og minikraftverk til kommunen

SRN viser til forslag frå seks Høgrerepresentantar om å gi kommunane myndigheit til å avgjere konsesjonssøknader for mikro- og minikraftverk.

Innleiing

Forslaget er grunnlagt med at slike utbyggingar kan gi eit viktig bidrag til å betre kraftbalansen og styrke forsyningssikkerheiten. Det blir også pekt på at potensialet for små kraftverk er på 25 TWh, og at saksbehandlingskapasiteten i NVE er ein flaskehals for å få raskare utbygging av slike kraftverk. Forslagsstillarane hevder vidare at mikro- og minikraftverk ikkje representerer større inngrep enn saker kommunane allereie behandlar etter plan- og bygningsloven, som industribygg, hyttebygging osv.

SRNs merknader til forslaget

Når det gjeld bidrag frå mikro- og minikraftverk til den totale kraftproduksjonen, vil den vere marginal. Vi snakker her om kraftverk inntil 1 MW, dvs. maks. 4 GWh/prosjekt. Bygging av 500 av dei største minikraftverka vil gi ca. 2 TWh eller ein auke i elproduksjonen på 1,6%. Dette er marginalt med tanke på dei naturinngrepa summen av alle desse kraftverka kan representere. Dei vil heller ikkje gi noe bidrag til forsyningssikkerheiten fordi det nesten utelukkande dreier seg om sommarkraft, og fordi vi først og fremst treng større fleksibilitet, dvs. satsing på andre energikjelder enn vasskraft, for å styrke forsyningssikkerheiten.

Det er viktig å vere klar over at dei mikro- og minikraftverka som har små konflikstar, dvs. ikkje er i konflikt med allmenne intersser, ikkje treng konsesjon hos NVE. Slike prosjekt kan altså starte opp utan den grundige saksbehandling forslagsstillarane viser til. Det er dei prosjekta der det er dokumentert konflikt med natur, miljø, landskap og friluftsliv som blir gjenstand for konsesjonsbehandling og kartlegging av verdiar og utgreiing av konflikstar. Dette omfattar også kraftverk i verna vassdrag, vedtatt av Stortinget i fire nasjonale verneplanar.

Dagens konsesjonsbehandlingssystem, der NVE på bakgrunn av ei omfattande vurdering av mange ulike fagfelt, slik som hydrologi, klima, støy, friluftsliv, landskap, naturmiljø, biologisk mangfold og reiseliv, er etablert på bakgrunn av svært mange års innarbeid praksis og erfaring, og involverer mange etatar og fagpersonar. Dette sikrer ei forsvarlig og grundig behandling av utbyggingssaker som dreier seg om vassdragsnatur som er ein nasjonal ressurs og verdi. Sjølv om SRN ikkje er einig i alle vedtak NVE gjer om utbygging av mikro- og minikraftverk, meiner vi det må vere dårlig ressursbruk å bygge opp den omfattande kompetansen NVE i dag har i alle landets små og store kommunar.

Det er mulig at kommunale konsesjonsvedtak ville gi raskare saksbehandling, men SRN er redd for at det vil ha ein kostnad for natur- og miljøverdiar fordi kommunens kompetanse på dette feltet ikkje er god nok og fordi presset for lokal ressursutnytting og arbeidsplassar i distrikta er mye sterkare. Målt mot dei små kraftmengdene dette vil utløyse i nasjonal målestokk, kan tapet for landskap, friluftsliv og naturmiljø fort bli for stort.

Olje- og energidepartementet er nå i ferd med å slutføre retningslinjer for utarbeiding av fylkesplanar for småkraftverk, som også vil omfatte mikro- og minikraftverk. Når fylkeskommunane, ved hjelp av ulike faginstansar, får på plass slike planar, som både skal klassifisere dei mest verdifulle vassdraga i fylket, peke på konfliktfylte område og vurdere mulige sumeffektar av mange kraftverk i same vassdrag eller vassdragsområde, får vi eit verktøy som lettere kan sortere konfliktfylte prosjekt frå akseptable. Dermed vil fylkesvise planar også føre til raskare saksbehandling. SRN vil derfor anbefale at desse planane blir tatt i bruk og får vist at dei fungerer enn at ansvaret blir delegert til kommunane.

Konklusjon

Bygging av mikro- og minikraftverk vil i liten grad bidra til auka kraftproduksjon i Norge. Det er gjennom mange år bygd opp ein omfattande kompetanse som involverer mange fagfelt for å konsesjonsbehandle slike saker både i og utanom verna vassdrag. det vil vere dårlig ressursbruk å bygge opp ein tilsvarende kompetanse i alle landets små og store kommunar. SRN ber om at initiativet med å lage fylkesvise planar for småkraftverk blir sett i verk. slike verktøy vil føre til raskare saksbehandling samtidig som viktige natur-, og miljø- og friluftslivsomsyn blir ivaretatt. SRN meiner dette er ei betre og meir heilskaplig løysing, som også fanger opp sumeffektar, enn å delegere konsesjonsmyndigheit for mikro- og minikraftverk til kommunane.

Med vennlig helsing

Jan Olav Nybo
SRN-sekretær